



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4612 - 15/3240

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
20.02.2015

Igangsettingsløyve - gbnr 146/21 m fl Fosse Ytre - avløpsanlegg

Administrativt vedtak:

Tiltak godkjent i rammeløyve av 25.06.2012 vert no tillate sett i gang.
Løyvet gjeld etablering av avløpsanlegg for bustad.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde godkjent, som skildra under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1) Anlegget skal oppfylle krava i utsleppsløyve datert 25.06.2012
- 2) Anlegget skal oppfylle krava i rammeløyve datert 25.06.2012
- 3) Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstille krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13.
- 4) Eigaren av avløpsanlegget er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalde i samsvar med regelverket og dei vedtak som er gjort i saka.
- 5) Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
- 6) Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
- 7) Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.
- 8) Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
- 9) Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10.

I dette vedtaket er det knytt følgjande særlege vilkår for at det kan verte gjeve bruksløyve/ ferdigattest:

- 1) Det skal leverast ny situasjonsplan av innmålt avløpsanlegg slik som det er bygd
- 2) Det skal leggst fram eit program for prøvetaking i prøvepunkta nedanfor siste trinn på anlegget. Programmet skal også sendast til eigar av gbnr 146/3.

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Søknaden og tidlegare handsaming

Rammeløyve vart gjeve i administrativt vedtak 25.06.2012, same dag som vedtak om utsleppsløyve vart gjort. Begge vedtaka vart påklaga av naboar. Vedtaka vart stadfesta av klageinstansane, rammeløyvet den 04.04.2013. Deler av igangsettingssøknaden vart levert kommunen 19.09.2014. Sjølve søknaden kom inn 29.10.2014, og vart supplert i fleire sendingar fram til 14.01.2015.

- Det er sendt inn søknader om ansvarsrett med tilfredsstillande dokumentasjon for alle ansvarsområde, og med nye føretak i alle roller i forhold til rammeløyvet.
- Endeleg utforming og plassering av anlegget er vist i flytskjema rev. 20131126, profil/plan for frostsikring rev. 20141121 og 2 stk situasjonsplanar rev. 20141121.
- Analyserapportar, datert 11.11.2014 og 09.12.2014, for 2 stk vasskjelder på gbnr 146/3 er lagt fram.
- Kontrollrapport for uavhengig kontroll av prosjektering er lagt fram.
- Servicekontrakt signert 28.10 og 03.12.2014 omfattar heile reinseanlegget inkludert prøvetaking i samarbeid med uavhengig, godkjent prøvetakingsfirma.

Konklusjon

Ut frå den mottokne dokumentasjon vurderer kommunen vilkåra i rammeløyvet til å vera oppfylt.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett :

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	T2	Ansvarleg søkar	Stendal VVS AS	980626180	S
PRO	T2	Prosjektering av heile avløpsanlegget	Ingeniørfirma Tison - Titlestad AS	959121788	L
UTF	T2	Montering av etterpolering etter minireinseanlegg	Stendal VVS AS	980626180	S
KONT	T2	Uavhengig kontroll av prosjektering	Sweco AS	967032271	S

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket eller på e-post til postmottak@lindas.kommune.no . I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve

